

N O T A T 2/79

RIKSVEG 614 MAGNHILDSKARTUNNELEN

KNUSNINGSSONE OMLAG 1150 FRÅ SØNDRE PÅHOOG - SIKRING

Etter oppdrag frå anleggsavdelinga ved overing. Fitje har distriktslaboratoriet foreteke synfaring i Magnhildskartunnelen for å vurdera sikring av ei knusningssone i tunnelen. Sona ligg omlag 1150 meter frå søndre påhogg.

Synfaring fann stad den 7. februar 1979 og med på synfaringa var oppsynsmann O. J. Endestad og overing. O. Jegleim.

Sona kryssar tunnelen på skrå og fylgjer tunnelen i ei lengd av mellom 25 og 30 meter. I venstre side i tunnelen (sett mot Haukå) er det ei markert leirsone på ei breidde av mellom 20 og 30 cm. I hengen er det mindre leire, men fjellet er oppknust. I høgre side er det stikk med leire på. Det er ikkje vatn i sona.

I samband med strossing i tunnelen skal sona sikrast. Ut i frå det faktum at sona har stått usikra i omlag 15 år, skulle det ikkje vera trong for å gå til full utstøyping av sona.

Heile området bør sikrast med systematisk bolting. Innanfor det området der det er leire og mykje oppsprukke fjell må det setjast opp nett. Ein bør ha området under observasjon. Dersom det vert mykje nedfall i nettet, kan ein plombera sona med sprøytebetong. For ikkje å overføra svelletrykket direkte på sprøytebetongen må det leggjast inn ei elastisk matte av mineralull mellom leirsona og sprøytebetongen. Ved bolting må ein passa på å forankra boltane i fast fjell.

Distriktslaboratoriet,
Sogn og Fjordane vegkontor, 27.2.1979

Ola Jegleim
Ola Jegleim
- overing -

Fordeling: Skj, RK, RF, RT, OJ